



Referat frå Koronamøte 28.04.2020 i Team Hardanger

Møtte: Andreas Skogseth og Bård Sandal, Jan Tjosås, Lisbeth Bygstad Celik, Inge Håvard Aarskog, Sigmund Vereide, Thore Hopperstad, Anna G. Langesæter, Jostein Eitrheim, Trude Rinaldo

No er det den økonomiske situasjonen for bedriftene og kva hjelp dei kan få som er viktig. Korleis er dialogen mellom kommunane og næringa?

Ullensvang: Tiltakspakke frå kommunen skal handsamast i kommunestyremøte i morgen. Basert på svar frå undersøkinga og informasjon frå andre kommunar, har dei no laga ein tiltakspakke for 2020, og nokre litt meir langsiktige planar. Viktig å koma fram til kva som er gode tiltak på kort sikt, og kva som er langsiktig.

Eidfjord: Har kome igang med rettleiing. Kommunen har fått mange søknader. Nokre svært kortsiktige tiltak er behandla, ellers så skal alle dei andre handsamast i møte 10. mai 2020. Mange er fortsatt i sjokk og kommunen arbeider med tiltak. Det er vanskeleg å arbeida med framtida, med så stor usikkerheit som rår idag.

Ulvik: Har danna ei gruppe med representantar frå næringslivet saman med rådmann for å planlegga 2020. I ferd med å tilseja ein rådgjevar i kortsiktig prosjekt for å hjelpe næringa med søknadsskriving. Og denne veka vert stillinga som næringssjef i kommunen lyst ut. Det er blanding av positivitet og "tåkeheim" i Ulvik også. Bedriftene er positive, men kanskje ikkje heilt realistiske. Kommunen vil vera oppsøkende mot næringslivet, ikkje avvantande. Litt meir på tilbudssida enn vanleg. Reiselivet prøver å koma gjennom 2020 sesongen så godt dei kan.

Kvam: Livet rullar vidare. Det er reiselivet som ikkje får hjelp av dei kompensasjonane som er tilbydd til no. Hytteforbuddet er oppheva, det merkar me. Me slit med motsetning i informasjon frå myndighetene om at det er forventningar til reisande ne, men samstundes vert ein oppmoda om ikkje å reisa. Det skaper usikkerheit, og me håpar på avklaring frå myndighetene. Heradet har opna opp for meir bruk av kraftfondet, med fleire søknadsfristar utover året.

Næringshagen i Hardanger(NiH): Er igang med rettleiingsteneste, mest målbedrifter som ber om hjelp.

Næringshagen i Odda(NiO): Har fått mange telefonar om smittevernshandtering. Har svart så godt dei kan, men ønskjer meir støtte, og vil gjerne ha samarbeid med Visit Hardangerfjord. I helga var det god aktivitet i Odda sentrum men saknar støtteordninga til små butikkar og varehandel.

Næringshagane Hardanger, Odda og Voss har god dialog seg imellom, og planlegg kurs saman.

NiH: Det er tydeleg at dei små bedriftene får altfor lite! Dei 3 næringshagane skal arrangera eit kurs på nettet om smittevern. Ønskjer også å gjennomføra eit medlemsmøte om dei får lov, sjølv sagt etter noverande reglar for avstand og smittevern. Det er ulik praksis i kommunane i Hardanger (og i landet) på om offentlege/felles toalettanlegg må vera stengt eller har lov å vera opne. Det er ikkje teneleg og umulig å kommunisera til publikum.

NiO: Håpar Ulvik informerer den nye prosjektleiaren om samarbeidet næringshagane har, og oppmodar om å ta kontakt.

Andreas Skogseth, dagleg leiar Visit Hardangerfjord (VHF):

Dei fleste i næringa siktar seg inn mot opning 1. juni, og så er det nokon både før og etter. Alt markedsarbeidet er no retta mot eit norsk publikum. Med ny målgruppe må mange produkt, pakkar og aktivitetar justerast, eit arbeid som tilbydar må gjera, men me må hjelpe kvarandre. Ein må også justera på reglar og system i denne usikre tida. F. eks å endra på bookingreglar og avbestillingstidsrom, slik at gjester tør å booka. VHF har arbeidd meir med politisk påverknad når det gjeld kompensasjonsordningane. Det må dei fortsetja med. Dei har mista 60 % av inntektene sine, og permittert ansatte. Dei jobbar med å få midlar til marknadsarbeid og kampanjar, slik at Hardanger kan posisjonera seg i markedet som er no, det er nytt og gjeld dei norske turistane. Tidlegare har medlemsbedriftene vore med å finansiert marknadsframstøt, men ikkje no. Dette krev økonomiske ressursar dei arbeider med å få på plass gjennom å søkja på midlar Vestland fylkeskommune lyser ut og brev sendt til kommunane der dei ber om direkte økonomisk stønad.

Bård Sandal, direktør for innovasjon og næringsutvikling i Vestland fylkeskommune(VFK):

Jobbar med alle ordførarane og partnarane. Overordna er dette ei utfordring for å samordna; for å koma i posisjon; for å få oversikt; vita kven har tilgang til kva. Det er satsa veldig tungt mot bedrifter frå staten no. Og den siste pakken som vart overført til Innovasjon Norge(IN) frå staten var på ekstra 4,9 milliarder, der 3,1 milliard ikkje skal betalast tilbake. **Det er veldig viktig å få ut denne informasjon no, og at bedriftene søker no.** VFK har overført 45,5 millionar ekstra til IN Vestland. Det inneholder blandt anna bedriftsretta pakkar som skal gå rett til bedriftene. Oppmodar TH å invitera Sveinung Dukstad, IN til møte i Hardanger. Viktig også å merka seg at IN Vestland totalt har 80 millionar som er regionale distriktsmidlar. Det er andre krav til dei og gjeld enkelt bedrifter i distriktet. Det skal vera låg terskel for å søkje dei. Oppmodar Hardanger til å søkje midlar her. Be også IN om informasjon og rettleiing.

VFK har desse tiltaka no:

- Støttar reiseliv med 4,4 millionar, som skal gå direkte til destinasjonsselskapa fylket vårt.
- Næringshagane er hjelparane til SMB, dei skal også styrkast.
- Kompetansesida er svært viktig - midlar til bedriftsintern opplæring som enkeltbedrifter kan søkje.
- Ber regionråda å bruka etablerarfondsmidlane så aktivt som mogleg.

[BIO-midlar](#) har fortløpende sakshandsaming - for å imøtekoma akutte behov. Viktig tilpassing no er at næringshagane kan søkja på vegne av bedrifter.

Oppsummering frå Bård:

- Oppmodar dykk å invitera IN v/ Sveinung Dukstad til å informera om pakkar frå staten og distriktsmidlane.
- No må me ikkje vera så opptekne av vekst og innovasjonsgrad, men også bruka pengane for å få bedrifter som har livets rett til å overleva.
- VFK er veldig offensive for å få ut pengar raskt, men minner om at dette er småpenger i forhold til staten
- Det å hjelpe bedrifter til å søkje om midlar no er veldig viktig.
- Ordførar nettverk: f. eks innspel på å lage eit ordførar nettverk for reiselivskommunane. Fyrste møte på onsdag.

Spørsmål: 4,4 millionar til enkeltbedrifter . Er det lagt ut noko konkret på dette?

Svar: Nei. Fylkeskommunen har ei distriktpolitisk oppgåve. Informasjon om den ordninga er ikke god nok. Det er 80 millionar øyremerka til bedrifter i distriktet, via IN Vestland. Denne kunnskapen har ikke nådd ut. VFK har sendt bestilling til Innovasjon Norge, vidaresender kopi av brevet.

Ullensvang: Vil meddela frå industri kommunane bekymring for framtida, der gal utvikling kan bli dramatisk for samfunna det gjeld, utifra lågare etterspørsel og etterkvart mangel på råvarer.

Positivt i denne krisa er den svært gode kontakten kommunane har med næringslivet. I desse små lokale samfunna våre er små bedrifter veldig viktig, men fell ofta utanfor nettverka. No kjem dei tettare på andre aktørar.

Neste møte vert med Innovasjon Norge, innkalling kjem når avtale med Sveinung Dukstad er laga.